



Val av styre – evaluering, valprosess og samansetjing

Eigarskapkontroll – Vinje kommune

2019 :: 434 006

Innhald

Samandrag	ii
Innleiing	1
1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar	1
1.2 Metode.....	1
1.3 Kriterium	2
1.4 Høyring.....	2
2 Kommunen sine føringar	3
2.1 Kontrollkriterier.....	3
2.2 Kommunen si eigarmelding	5
2.3 Vurdering og konklusjon om kommunen si eigarmelding.....	5
3 Formidling og gjennomføring	7
3.1 Kontrollkriterier.....	7
3.2 Formidling	7
3.3 Gjennomføring	8
3.4 Vurdering og konklusjon om formidling og gjennomføring	11
4 Tilrådingar	13
Vedlegg.....	13
Vedlegg 1: Høyringsuttale	14

Foto framside: Svilen Milev, www.effective.com

Samandrag

Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune sak 9/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Vinje kommune.

Kontrollutvalet har bedt om svar på følgjande problemstillingar:

- **I kva grad er kommunen sine føringar for val av styremedlemmer, styreevaluering, styresamansetjing og kompetanse i samsvar med gjeldande tilrådingar for god eigarstyring?**
- **I kva grad er føringane formidla og gjennomført?**

Metode

Eigarskapskontrollen er gjort i samsvar med reglane om gjennomføring av selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14.

Eigarskapskontrollen er retta mot kommunen som eigar. Gjennomføring av kommunen sine eigarstyringsprinsipp er undersøkt i fire selskap utvalt av kontrollutvalet. Dei fire selskapa er:

- Raulandsakademiet AS
- Kvito AS
- Renovest IKS
- Vest Telemark PPT IKS

Kontrollutvalet har innsynsrett i alle selskap som er offentleg eigde.

Kontrollen er gjennomført av Anne Hagen Stridsklev og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Funn, vurderingar og konklusjonar

I kva grad er kommunen sine føringar i samsvar med gjeldande tilrådingar for god eigarstyring?

Kommunen si eigarskapsmelding følgjer ikkje tilrådingane til KS på alle punkt. Dette gjeld primært at eigarskapsmeldinga ikkje gir føringar om ordning for val av varamedlemmer til styre. Det er tilrådd at ein vel numerisk vara for å sikre kontinuitet i styra. Eigarskapsmeldinga gir heller ikkje føringar om at rådmann og ordførar ikkje bør veljast til selskapsstyrer. Det er tilrådd at ordførar og rådmann ikkje bør sitje i selskapsstyrer fordi dei dermed vil verte inhabile til å førebu og handsame saker som gjeld selskapet i kommunen.

I kva grad er føringane formidla og gjennomført?

Formidling

Eigarskapsmeldinga frå 2018 er formidla til selskapa, men ikkje eigarskapsmeldinga som vart vedtatt i 2016. Vi meiner at kommunen burde ha orientert selskapa om sine styringsprinsipp allereie i 2016. Dette gjeld til dømes kommunen sine ønsker om styrevervregistrering, styreevaluering og valkomité.

Gjennomføring

Det varierer i kva grad dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen, har ei organisering og ein praksis som er i samsvar med eigarstyringsprinsippa til Vinje kommune.

Eitt av tre selskap har valkomité i dag. Føremålet med valkomité er å sikre at selskapa får eit styre med rett og komplementær kompetanse.

Når det gjeld kompetanse, melder alle selskapa om at dei har styre med god kompetanse. Vi har merka oss at geografisk tilhøyrslø er viktig ved val til styre, og at kommunen omtalar styremedlem som «sine representantar». Medlemmer i styret i aksjeselskap og interkommunale selskap representerer berre seg sjølv, og ikkje kommunen. Styret si oppgåve er å ivareta selskapet sine interesser i samsvar med føremålet til selskapet.

Kvito AS har ikkje lovleg kjønnsbalanse når dei har eit styre med ei kvinne og tre menn. Styremedlem valt av dei tilsette skal ikkje reknast med når ein bereknar kjønnsbalansen. Dei andre selskapa har lovleg kjønnsbalanse i sine styret.

Vinje kommune har ikkje numerisk vara som eitt av sine eigarstyringsprinsipp. Numerisk vara er ei av KS sine tilrådingar til godt eigarskap. Raulandsakademiet AS har innført rekkefølgevara (numerisk vara) for dei styremedlemmene som blir valde på generalforsamlinga. I dei andre selskapa har styremedlemmene personlege vara.

Selskapa har generelt ikkje rutinar for å sikre at styra har rett kompetanse. Det vil seie at selskapa ikkje gjennomfører styreevaluering eller styreopplæring. Berre Raulandsakademiet AS har utarbeidd styreinstruks. I selskap er der dei tilsette har representasjon i styret er det eit lovkrav om å fastsette styreinstruks. Instruksen skal gi nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming, jf. aksjelova § 6-23. I Kvito AS vel dei tilsette eit medlem til styret, og styret i selskapet pliktar såleis å fastsetje styreinstruks.

Vest-Telemark PPT IKS har ikkje valt styre i samsvar med selskapsavtala. Ifølgje selskapsavtala skal styret veljast av representantskapet for to år. Etter kva vi kan sjå, er ikkje sitjande styre valt av representantskapet. Styra i dei andre selskapa er valt i samsvar med selskapsavtale/vedtekter.

Tilrådingar

På bakgrunn av det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi at:

- Vinje kommune bør vurdere om det er ynskjeleg å endre eigarskapsmeldinga på område der den ikkje samsvarar med tilrådingane til god eigarstyring.
- Vinje kommune bør ha tiltak for at selskap som kommunen eig blir gjort kjende med kommunen sine eigarstyringsprinsipp.
- Vinje kommune bør som eigar vurdere å vedtektsfeste bruk av valkomité i Renovest IKS, Kvito AS og Vest-Telemark PPT IKS.
- Vinje kommune bør som eigar treffe tiltak for å sikre rett kjønnsrepresentasjon i Kvito AS og at selskapet utarbeider styreinstruks.
- Vinje kommune bør som eigar sikre at representantskapet vel styre i Vest Telemark PPT IKS.

Renovest IKS og Vest Telemark PPT IKS må sørge for oppdatert styreinformasjon i offentlege register.

Bø 3. september 2019
Telemark kommunerevisjon IKS

Innleiing

1.1 Bakgrunn, formål og problemstillingar

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune i sak 9/18. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i Vinje.

I kontrollen vil vi undersøke følgjande problemstillingar:

- **I kva grad er kommunen sine føringar for val av styremedlemmer, styreevaluering, styresamansetjing og kompetanse i samsvar med gjeldande tilrådingar for god eigarstyring?**
- **I kva grad er føringane formidla og gjennomført?**

Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2017 og 2018.

1.2 Metode

Denne kontrollen er ein eigarskapskontroll. Kontrollen er gjennomført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen er gjennomført av Anne Hagen Stridsklev og er kvalitetssikra av Kirsti Torbjørnson.

Kontrollen er retta mot kommunen som eigar. Når det gjeld problemstillinga om korleis føringane til kommunen vert følgd opp, er dette undersøkt i fire selskap der kommunen er eigar. Selskapa er valt av kontrollutvalet. Følgjande selskap er valt ut:

- Raulandsakademiet AS- Vinje kommune eig 99,8 %¹
- KVITO AS – Vinje kommune eig 63,01 %
- Renovest IKS – Vinje kommune eig 29 %
- Vest-Telemark PPT IKS – Vinje kommune eig 24 %

¹ Vinje kommune vil 2019 gå inn med ei aksjeutviding i selskapet, slik at kommunen vil eige 99,9 % av aksjene. Telemark fylkeskommune vil eige 0,01 % av aksjene. Fylkeskommunen skal framleis velje eit medlem til styret.

Kontrollutvalet har innsynsrett i alle selskap som er offentlig eigde. Kontrollutvalet har ikkje innsynsrett i selskap med private eigarar. Selskapa valt ut til denne kontrollen er offentleg heileigde.

Personopplysningar

I samband med denne eigarskapskontrollen har vi handsama personopplysningar som namn og e-postadresse til tilsette i kommunen og dei aktuelle selskapa.

Vårt rettslege grunnlag for å handsame personopplysningar er kommunelova § 80 andre ledd. Vi handsamar personopplysningar slik det går fram av vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på nettstaden vår www.tekomrev.no.

1.3 Kriterium

Kriterium for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 29. januar 1999 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- Vinje kommune si eigarskapsmelding
- KS' anbefalinger for eierstyring
- vedtekter/selskapsavtalar
- relevante kommunestyrevedtak

1.4 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til kommunen og dei selskapa som er omtalte i rapporten. Vi har fått svar frå Vinje kommune og frå Raulandsakademiet AS. Høyringssvaret frå kommunen ligg som vedlegg. Kommentrarar frå Raulandsakademiet AS er innarbeidd i rapporten.

2 Kommunen sine føringar

I kva grad er kommunens sine føringar for val av styremedlemmer, styreevaluering, styresamansetjing og kompetanse i samsvar med gjeldande tilrådingar for god eigarstyring?

2.1 Kontrollkriterier

KS har utarbeidd tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

KS tilråding 9: Samansetjinga av styret

Det er eigar sitt ansvar at styret har kompetanse som er tilpassa verksemda til selskapet. Styret skal ivareta selskapet sine behov, og bør ha forskjellig kompetanse. KS tilrår at styret har forskjellig og komplementær kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet opererer i. Vidare bør styret ha fagleg innsikt og ha interesse for selskapet sitt føremål.

Kommunen må sjølv definere kva slags kompetanse og kapasitet som kommunen forventar av styremedlemmene. Det er viktig å ha styremedlemmer som kan sikre styret sin kontrollfunksjon overfor dagleg leiar.

Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlemmer av selskapsstyre representerer berre seg sjølv, og ikkje eigarane. Eit styremedlem skal ivareta selskapet sine interesser på best muleg måte, ut i frå selskapets sitt føremål og innafor loven sine rammer.

Dersom ein vil velje folkevalde eller tilsette i kommunen til selskapsstyre, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande vil kunne bli inhabil. Dersom inhabilitet vil oppstå ofte, må det vurderast om det er føremålstenleg å velje den aktuelle personen til styret. Ordførar og rådmann bør difor ikkje veljast til styre (KS tilråding 15).

KS tilråding 10: Valkomité og styreoppnemningar

Valkomité bør brukast ved val til styre i kommunalt eigde selskap. Bruk av valkomité bør vere vedtektsfesta eller vere regulert i selskapsavtalen.

Representantskapet/generalforsamlinga bør velje leiar av valkomiteen, og det bør utarbeidast retningsliner for valkomiteen sitt arbeid. Det er tilrådd at valkomiteen har ein dialog med styret før forslag vert fremma, og at valkomiteen grunngir sine forslag.

KS tilråding 11: Kjønnbalanse i styrene

Etter IKS-lova § 10 er det krav om 40 % kjønnsrepresentasjon i styrene. Tilsvarande er det etter aksjelova § 20-6 krav om representasjon av begge kjønn i selskap der kommunar og fylkeskommunar eig minst to tredjedelar av aksjane. KS tilrår at det er kjønnsbalanse i styra, uavhengig av organisasjonsform.

KS tilråding 12: Rutinar for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene

Eigar har ansvar for å sikre at styret har naudsynt kompetanse for å nå selskapet sine mål. Eigar bør tilrå at styret sjølv jamleg vurderer eigen kompetanse ut frå eigar sitt føremål med selskapet. KS tilrår vidare at styret fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiar, og at behovet for ekstern styreopplæring vert vurdert. For selskap med tilsettvalde medlemmer i styret, er slik instruks obligatorisk.

KS tilråding 14: Oppnemning av varamedlemmer

Eventuelle varamedlemmer til styret bør utpeikast etter ordninga med numerisk vara. Dette er for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

KS tilråding 17: Registrering av styreverv

Alle styreverv for kommunale selskap bør vere registrert i www.styrevervregisteret.no . Gjeldande ordning er at kommunar eller selskap knyter seg til registeret.

Dette gir følgjande kontrollkriterium:

Kommunen si eigarskapsmelding bør gje føringar om:

- styremedlemmene sin kompetanse og kapasitet
- at rådmann og ordførar ikkje bør veljast som styremedlem
- bruk av valkomité
- kjønnsbalanse i styret
- eigenevaluering i styret
- ordning for val av varamedlemmer
- registrering av styreverv i Styrevervregisteret

2.2 Kommunen si eigarmelding

Vinje kommune si eigarskapsmelding vart sist vedtatt av kommunestyret i sak 70/18. Denne eigarskapsmeldinga erstattar tidlegare eigarskapsmelding, vedtatt i 2016.

Eigarskapsmeldinga har fire delar:

Del 1 Informasjon om selskapsformer

Del 2 Eigarstyringsprinsipp i Vinje kommune

Del 3 Oversyn over eigarskap i Vinje kommune

Del 4 Eigarstrategi for selskap i Vinje kommune

Eigarstyringsprinsippa seier følgjande om selskapsstyre:

- Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa.
- Styra skal setjast saman ut i frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål.
- Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
- Vinje kommune sine styrerepresentantar skal vere registrert i styrevervregisteret.

Vinje kommune seier at dei legg til grunn at det er styret som skal evaluere sitt eige arbeid, og ikkje kommunen.

2.3 Vurdering og konklusjon om kommunen si eigarmelding

Kommunen si eigarskapsmelding følgjer ikkje tilrådingane til KS på alle punkt. Til dømes gir ikkje eigarskapsmeldinga føringar om ordning for val av varamedlemmer. Eigarskapsmeldinga gir heller ikkje føringar om at rådmann og ordførar ikkje bør veljast til selskapsstyre.

Aksjelova og IKS-lova regulerer i kva høve det er krav om kjønnsbalanse i styra. KS tilrår kjønnsbalanse i styra uavhengig av om det er eit lovkrav for den aktuelle selskapsforma. Av di tilrådinga til KS går lenger enn lovkravet, bør eigarskapsmeldinga også gje føringar om kjønnsbalanse.

Ifølgje eigarskapsmeldinga skal styret sitt arbeid evaluerast jamleg. Det går ikkje fram av eigarskapsmeldinga at kommunen forventar at styret skal gjere ei eigenevaluering.

Eigarskapsmeldinga seier at det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman selskapsstyre. Dersom bruk av valnemnd skal vere bindande for det einskilde selskap, må det fastsetjast i vedtekter eller selskapsavtale. Det går ikkje fram av eigarskapsmeldinga at ei slik ordning bør vere vedtektsfesta eller regulert i selskapsavtale.

3 Formidling og gjennomføring

I kva grad er føringane formidla og gjennomført?

3.1 Kontrollkriterier

Eigarskapsmeldinga til kommunen

Det er to eigarskapsmeldingar som gjeld for den perioden som denne eigarskapskontrollen omfattar. Eigarskapsmelding vedtatt av kommunestyret i sak 6/16 og eigarskapsmelding for 2018-2021 vedtatt i sak 70/18. Eigarstyringsprinsippa som gjeld styret er det dei same i begge eigarskapsmeldingar. Vi ha gjort greie for desse føringane under punkt 2.2.

Tilrådingar frå KS

Vi har også gjort greie for KS sine tilrådingar under punkt 2.2. Sjølv om kommunen ikkje har innarbeidd alle tilrådingane i si eigarskapsmelding, vil vi likevel undersøkje om praksisen i selskapa er samsvar med tilrådingane.

Vi har følgjande kontrollkriterium:

- Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa.
- Styra skal setjast saman ut i frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål.
- Det bør vere kjønnsbalanse i selskapsstyra.
- Varamedlemmer bør veljast etter ordninga med numerisk vara.
- Styremedlemmer i selskap der Vinje kommune har eigardelar, skal vere registrert i styrevervregisteret.
- Selskapsstyra bør ha rutinar for å sikre kompetanse:
 - fastsetje styreinstruks,
 - evaluere styret sitt arbeid jamleg og
 - gjennomføre styreopplæring.
- Styret må veljast i samsvar med selskapsavtale og vedtekter.

3.2 Formidling

Ifølgje kommunen er eigarskapsmeldinga som vart vedtatt i 2018 sendt ut til selskapa. Kommunen har ikkje undersøkt i kva grad eigarskapsmeldinga er følgd. Eigarskapsmeldinga

som vart vedtatt i 2016 vart ikkje formidla ut til selskapa. Eigarstyringsprinsippa inngikk i eigarskapsmeldinga i 2016. I 2018 vart eigarskapsmeldinga komplementert med strategiar for selskapa som kommunen eig.

Raulandsakademiet AS og Vest-Telemark PPT IKS seier at dei både kjenner og følgjer eigarskapsmeldinga til Vinje kommune. Renovest IKS og Kvito AS seier òg at dei er kjende med eigarskapsmeldinga til kommunen.

3.3 Gjennomføring

Styreval

Renovest IKS

Renovest IKS har ikkje valkomité regulert i selskapsavtalen. Selskapet seier at det er ordførarane i eigarkommunane som fungerer som valkomité. Det følgjer av selskapsavtala at styret skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer som veljast for to år. Alle fem eigarkommunane skal vere representert i styret. Praksisen i selskapet er at representantskapet vel styremedlemmer kvart år, vekselvis frå Seljord og Tokke kommunar det eine året, og frå Fyresdal, Vinje og Kviteseid kommunar det andre året.

Dagleg leiar meiner det ligg faglege vurderingar bak valet av styremedlemmene frå Vinje.

Selskapet er ikkje registrert i Styrevervregisteret. Eit av fem styremedlemmer er registrert i Styrevervregisteret, men då som varamedlem og ikkje styremedlem. Dei andre styremedlemmene er ikkje registrert. Styremedlemmen som Vinje kommune nominerer er ikkje registert.

Vest Telemark PPT IKS

Vest Telemark PPT IKS har ikkje valkomité. Det følgjer av selskapsavtalen at selskapet skal ha eit styre med tre medlemmer og tre varamedlemmer. Styret skal veljast for to år av gongen. Dagleg leiar meiner at styret er samansett med den kompetansen som selskapet treng, dvs. ein økonom, ein kommunalsjef for oppvekst og ein rådmann. Dagleg leiar opplyser at medlemmene i sitjande styre er valt i 2016, 2017 og 2018, og at eit av styremedlemmene er valt av Forum for utdanning, Vest Telemark. Vi kan ikkje finne av protokollar frå representantskapet frå 2017 eller 2018, at representantskapet har valt styre i desse åra.

Berre styreleiar er registrert i Styrevervregisteret. Styremedlemmen frå Vinje er ikkje registert.

Raulandsakademiet AS

Vinje kommune foreslo endring av vedtektene i til Raulandsakademiet AS på generalforsamlinga i 2017. Vinje kommune foreslo å innføre valkomité og numerisk vara (rekkefølgevara). Desse endringane i vedtektene vart vedtatt på generalforsamlinga i 2018.

Raulandsakademiet AS oppnemnde valkomité for fyrste gong på generalforsamlinga i 2018. Dagleg leiar opplyser at før dette var det formannskapet i Vinje kommune som valde styremedlemmer til selskapet. Følgjande står i vedtektene om val av styre:

Selskapets styre skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Vinje kommune vel 4 representantar, med rekkefølgevara til sine representantar. Desse blir valde på generalforsamlinga. Telemark fylkeskommune vel sjølv 1 representant med personleg vara.

Generalforsamlinga vel valnemnd med tre medlemmer. Ein representant blir skifta ut kvart år. Kvart medlem sit i tre år, og er leiar for nemnda siste året.

Selskapet valde to styremedlemmer på generalforsamlinga i 2018 og to på generalforsamlinga i 2019. Det er valt fire varamedlemmer i rekkefølge. Fylkeskommunen vel «sitt» medlem og varamedlem til styret i samband med fylkestingvalet.

Tre av fem styremedlemmer er registrert i Styrevervregisteret. To av dei styremedlemmene som Vinje nominerer er ikkje registrert.

Dagleg leiar meiner at føringane i eigarskapsmeldinga om styremedlemmer med kompetanse, kapasitet og mangfald er oppfylt.

Kvito AS

Kvito AS har ikkje valkomité regulert i sine vedtekter. Dagleg leiar opplyser at det fram til no er ordførere i eigarkommunane som har nominert kandidatar til styret, men at ein skal vurdere valkomité i samband med generalforsamlinga neste år.

Ifølgje vedtektene skal Kvito ha eit styre med inntil seks medlemmer. Eit av medlemmene skal veljast blant dei tilsette. Vedtektene seier at generalforsamlinga skal velje varamedlemmer, og regulerer ikkje nærare om det skal vere numerisk eller personleg vara.

Styremedlemmene frå Nissedal og Tokke vart valde på generalforsamlinga i 2018, medan styremedlemmene frå Vinje og Kviteseid vart valde på generalforsamlinga i 2019. Dei tilsette valde styremedlem i 2018. Det er valt personlege vara for alle styremedlemmene. Eitt styremedlem og tre varamedlemmer er registrert i Styrevervregisteret. Mellom dei som er i registeret, er varamedlemmen som er nominert av Vinje kommune.

Dagleg leiar meiner at selskapet har eit kompetent styre med lang erfaring.

Tabell 1 Styreoversikt

Selskap	Siste styreval	Kjønnsrepresentasjon i styret	Kjønnsrepresentasjon vara	Funksjonstid
Raulandsakademiet AS	2019	2 kvinner 3 menn	3 kvinner 2 menn	2 år
Vest-Telemark PPT IKS*		1 kvinne 2 menn	1 kvinne 2 menn	2 år
Renovest IKS	2019	2 kvinner 3 menn	2 kvinner 3 menn	2 år
Kvito AS	2019	1 kvinne 3 menn Tilsett (kvinne)	2 kvinner 2 menn Tilsett (kvinne)	2 år

*) Ifølgje selskapet si årsmelding frå 2018.

Renovest IKS og Vest Telemark PPT IKS har ikkje oppdaterte styreopplysningar i offentlege register.

Styreopplæring og evaluering

Renovest IKS har ikkje gjennomført styreevaluering og har heller ikkje rutinar om styreevaluering. Selskapet har ikkje vedtatt styreinstruks. Selskapet har ikkje gjennomført styreopplæring sidan 2012.

Vest-Telemark PPT IKS har ikkje utarbeidd styreinstruks og har heller ikkje gjennomført styreopplæring. Selskapet opplyser at det vil bli gjennomført styreevaluering i løpet av 2019. Selskapet har ikkje gjennomført slik evaluering tidlegare.

Raulandsakademiet AS har utarbeidd styreinstruks. Selskapet har ikkje gjennomført styreevaluering. Det vart gjennomført eit styreseminar i 2017, der både styremedlemmer og varamedlemmer vart innkalla. På seminaret vart det m.a. orientert om verksemda til selskapet og om framtidige planar for selskapet. Seminaret vart gjennomført fordi det var så mange nye styremedlemmer dette året. Bortsett frå styreseminaret, har ikkje selskapet gjennomført styreopplæring.

Kvito AS opplyser at selskapet ikkje har utarbeidd styreinstruks, og vidare at det ikkje er gjennomført styreevaluering eller styreopplæring.

3.4 Vurdering og konklusjon om formidling og gjennomføring

Formidling

Eigarskapsmeldinga frå 2018 er formidla til selskapa, men ikkje eigarskapsmeldinga som vart vedtatt i 2016. Vi meiner at kommunen burde ha orientert selskapa om sine styringsprinsipp allereie i 2016. Dette gjeld til dømes kommunen sine ønsker om styrevervregistrering, styreevaluering og valkomité.

Vi meiner at eigarskapsrepresentantane til Vinje kommunen har eit ansvar når det gjeld å formidle og følgje opp kommunen sine eigarstyringsprinsipp i generalforsamlingar og representantskapsmøte.

Gjennomføring

Det varierer i kva grad dei selskapa som er valt ut til denne kontrollen, har ei organisering og ein praksis som er i samsvar med eigarstyringsprinsippa til Vinje kommune.

Eitt av tre selskap har valkomité i dag. Føremålet med valkomité er å sikre at selskapa har eit styre med riktig og komplementær kompetanse. Valkomité er dermed særleg viktig i selskap med fleire eigarar. Det er positivt at Kvito AS vurderer å innføre valkomité frå neste år.

Når det gjeld kompetanse melder alle selskapa om at dei har styre med god kompetanse. Vi har merka oss at geografisk tilhøyrse er viktig ved val til styre, og at kommunen omtaler styremedlem som «sine representantar». Styremedlemmer for aksjeselskap og interkommunale selskap representerer berre seg sjølve, og ikkje ein av eigarkommunane. Dei skal behandle alle eigarane likt. Styret si oppgåve er å ivareta selskapet sine interesser i samsvar med føremålet til selskapet og eigarorganet sine føringar.

Kvito AS har ikkje lovleg kjønnsbalanse når dei ei kvinne og tre menn i styret. Styremedlemmer som er valde av dei tilsette skal ikkje reknast med når ein vurderer kjønnsbalansen.² Dei andre selskapa har lovleg kjønnsbalanse i sine styrer.

Vinje kommune har ikkje numerisk vara som eigarstyringsprinsipp, men dette er ei av KS sine tilrådingar til godt eigarskap. Raulandsakademiet AS har innført rekkefølgevara (numerisk vara) for dei styremedlemmene som blir valde på generalforsamlinga. I dei andre selskapa har styremedlemmene personlege vara.

Samla sett er berre ein tredjedel av styremedlemmene i selskapa registrerert i Styrevervregisteret.

Selskapa har generelt ikkje rutinar for sikre kompetanse i styrene. Det vil seie at selskapa ikkje gjennomfører styreevaluering eller styreopplæring. Berre Raulandsakademiet AS har utarbeidd styreinstruks. I Kvito AS vel dei tilsette eit medlem til styret. I slike selskap er det lovkrav om at styret skal fastsette ein styreinstruks som gir nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming, jf. aksjelova § 6-23.

Vest-Telemark PPT IKS har ikkje valt styre i samsvar med selskapsavtala. Ifølgje selskapsavtala skal styret veljast av representantskapet for to år av gongen, og etter kva vi kan sjå er ikkje sitjande styre valt av representantskapet. Styra i dei andre selskapa er valde i samsvar med selskapsavtale/vedtekter.

Renovest IKS og Vest Telemark PPT IKS har ikkje oppdatert styreinformatjon i offentlege register.

² Jf. Aksjeloven § 20-6 og Ot.prp nr. 97 (2003-2004) pkt. 10.1.

4 Tilrådingar

På bakgrunn av det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi at:

- Vinje kommune bør vurdere om det er ynskjeleg å endre eigarskapsmeldinga på område der den ikkje samsvarar med tilrådingane til god eigarstyring.
- Vinje kommune bør ha tiltak for at selskap som kommunen eig blir gjort kjende med kommunen sine eigarstyringsprinsipp.
- Vinje kommune bør som eigar vurdere å vedtektsfeste bruk av valkomité i Renovest IKS, Kvito AS og Vest-Telemark PPT IKS.
- Vinje kommune bør som eigar treffe tiltak for å sikre rett kjønnsrepresentasjon i Kvito AS og at selskapet utarbeider styreinstruks.
- Vinje kommune bør som eigar sikre at representantskapet vel styre i Vest Telemark PPT IKS.

Renovest IKS og Vest Telemark PPT IKS må sørge for oppdatert styreinformatjon i offentlege register.

Vedlegg

Vedlegg 1– Høyringsvar frå Vinje kommune

Vedlegg 1: Høyringsuttale



Vinje kommune
Rådmannen



TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS
Postboks 2805

3702 SKIEN

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
JANMY	2019/2255	16693/2019	SA5	15.08.2019

Høyringsfråsegn - Eigarskapskontroll Vinje kommune

Rådmannen har ikkje særlege merknader til tilrådingar i rapporten, men avventar politisk handsaming og konklusjonar knytt til tilrådingane. Eigarstyring og eigarskap har, uavhengig av funna i rapporten, blitt løfta høgt på dagsorden i Vinje dei siste fire åra.

Så har rådmannen, som rapporten peikar på, avventa ferdigstilling av Del 4 i eigarskapsmeldinga før utsending til selskapa. Det er mogleg at underteikna kunne gjort ei anna vurdering i høve til ei mellombels utsending av det som var klart i 2016.

Med helsing

Jan Myrekrok
rådmann

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.